



# Sunnfjord vassområde

## Møtereferat Sunnfjord vassområde den 11.11.15

**Tid:** onsdag 11. november kl. 09.30 – kl.13.00, synfaring. til kl. 14.00

**Stad:** Førde kommune, rådhuset synfaring av kommunalt reinseanlegg for avløp

### Desse møte:

Staffan Hjøhlman	prosjektleder	Sunnfjord vassområde
Truls Folkestad	leder for landbruk og teknisk	Gaular kommune
Solfrid Trå	naturforvalter	Jølster kommune
Odd Harry Strømsli	plan- og byggesjef	Førde kommune
Harald Eikenes	seksjonsleder plan og landbruk	Naustdal kommune
Magne Reidar Førde	driftsingeniør	Førde kommune
Torill Segtnan	teknisk drift	Førde kommune
Kaja Standal Moen	plan og samfunn	Flora kommune
Ola Kvaal	landbruksansvarleg	Førde kommune
Arne Stig Sortevik	landbruk	Naustdal kommune
Anders Espeset	arealplanleggar	Flora kommune
Berit Holme	arealplanleggar	Førde kommune

### Desse møte ikkje:

Geir Grytøyra frå Askvoll kommune og Fjaler kommune

### Generelt

Presentasjon av deltakarane.

Staffan informerte litt om arbeid i VO - kvalitetssikring, retting i vann-nett i høve opplysningar, høyringsinnspel til regional tiltaksprogram og regional forvaltningsplan m.m.

### Saker

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

### Sak 1-2015. Oppsummering av regionalt tiltaksprogram for 2016 - 2021

Staffan presenterte oversikt frå det regionale tiltaksprogrammet der kommunane i Sunnfjord VO er ansvarleg mynde. Oversikta viser m.a. type påverknad, kostnad for tiltak.

Kostnadane er generelt sett til 25000 for problemkartlegging for kvar påverknad i vassførekomstane og er rekna til å dekke kjemiske prøvetaking. I sum utgjer dette 1,7 millionar for heile vassområdet. Interne kostnader inngår ikkje i dette talet. Ei grundigare kartlegging av til dømes påvekstalar, botndyr og fisk vil koste betydeleg meir.

### Sak 2-2015. Problemkartlegging

Store delar av tiltaka i tiltaksprogrammet er problemkartlegging for dei ulike vassdraga. Sunnfjord vassområde må vurdere kva nivå ein skal legge seg på i høve problemkartlegging.

Det vart gjeve ein samla status over prosjektmidlane til Sunnfjord vassområde.

Rapport frå Nordfjord i 2014– kartlegging av eit større område i høve jordbruk og avløp. Tilråding av tiltak vart drøfta. Aktuelt med slik kartlegging i Sunnfjord? Bruk av fosfor i landbruket er vist som utfordring i rapporten. Rapporten er noko generell, og peikar i mindre grad på konkrete områder



# Sunnfjord vassområde

som t.d. «problemteigar for avrenning av fosfor». Samarbeid over sektorar i høve gjødselsplanar/trong for t.d. fosfor - avrenning til vassdrag.

Avrenning frå spreidde avløp.

Viktig for VO å velje om innsatsen skal gå til ei generell kartlegging eller meir retta mot konkrete område i høve tiltak. Kvar er problema/utfordringane?

Involvere brukarane, sette brukarmål for vassførekomstar, gjennomføre synfaringar – motivasjon for å gjennomføre tiltak

Det eksisterer mykje data frå overvaking over fleire år. Ikkje alt dette er lagt ut offentleg. Å systematisere dette materialet og gjere det tilgjengeleg kan gi mykje kunnskap om tilstanden i vassførekomstar. Dette kan eventuelt redusere behovet for nye prøvetaking.

### **3-2015. Samarbeid om kartlegging og tilsyn av spreidde avløp**

Kaja orienterte om arbeidet med kartlegging og tilsyn av privat avløpsanlegg i Flora kommune.

Heimel til å føre tilsyn, malar i miljøkommune i høve varsling om tilsyn, kvar husstand betalar gebyr.

Gaular har starta same arbeid. Starta med spørjeundersøking i høve avløpsanlegg og landbruksanlegg. Analyse av tilbakemeldingane og frå dei som tømmer anlegg. Nyttar gebyr for å finansiere stillinga, i slamavgifta. Innført ny forskrift for gebyr der det m.a. er sett gebyr for ureining,

Førde arbeider med endring av gebyrforskrifta - avløp både utslepp og påslepp.

Nordfjord – prosjektgruppa i Nordfjord vassområde har drøfta interkommunalt samarbeid - få på plass gebyrforskrift.

Kommunane er mynde i høve å utarbeide gebyrregulativ og i høve ureiningslova.

### **4-2015. Temagrupper**

Saka vert utsett.

### **5-2015. Midlar frå tidlegare år som står på fond**

Det står ca. 1,6 millionar på fond frå tidlegare år. Midlane skal nyttast til sekretariat/prosjektlear, møter, reiser, kurs. I tillegg skal midlane nyttast til m.a. vassanalyse og utgreiing av tilstanden til vassførekomstane, noko som er utsett p.g.a. vakanse i stilling som prosjektlear. Tiltaksprogrammet listar opp ei rekkje tiltak for gjennomføring i prosjektperioden 2016 – 2021, som kommunane er forplikta å gjennomføre/utgreie. Det vil vere stor trong for fondsmidlane i dette arbeidet.

Sunnfjord VO bør bli samde om ein felles handlingsplan på kva som skal gjerast vidare, t.d. få på plass eksisterande data, kjøp av konsulenttenester til problemkartlegging, program for sanering av eldre avløpsanlegg, og sette mål i høve dette. Handlingsplanen må ta utgangspunkt i vedteke regionalt tiltaksprogram. Framlegget må leggest fram for VOU. Prosjektlear vil samle innspel til handlingsplanen frå kommunane. I samband med dette vil han delta i møte med kommunar som ønskjar det i inneverande år.

Det er gjort vedtak i 6 kommunar om at prosjekt Sunnfjord vassområde vert vidareført til 2021.

#### Vedtak:

Det var samrøystes vedtak i gruppa om at midlane vert overført til fond i Sogn og Fjordane fylkeskommune, øyremerka for prosjekt i Sunnfjord vassområde i 2016 - 2021.



# Sunnfjord vassområde

## **6-2015. Møteplan**

Det vert forsøkt å få til nytt møte i medio desember.

## **7-2015. Tilskotsordningar**

Saka vert utsett.

Berit Holme  
referent